

Doktor Haugen slik du minnest han 30.

01.01.2015



Då dr. Søreide tok ferie.**Då dr. Haugen slutta som distriktslækjar, overtok dr. Søreide. Dr. Haugen fortsette som privatpraktiserande lækjar her i kommunen, og han var stadig aktiv.**

Eit år då dr. Søreide skulle ha ferie, sette han inn annonse om dette i avisa Grenda som var einaste lokalavisa i Kvinnherad på den tida. I avisa skreiv han også at Kvinnherad dermed ville verta utan lege ein periode. Då dr. Haugen les dette, ringte han straks til dr. Lunde på Valen, og spurde:

- Har du sett dødsannonse min?

Det hadde jo ikkje Lunde så då fortsette dr. Haugen:

- Jeg har ikke sett din heller, så da stemmer vel ikke det som står i lokalavisen, for Kvinnherad har jo to leger.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003